

# INDUSTRIKONSULENTEN PA OSTERØY

Vil du vere med å utvikle vidare det spennande industri- og næringsmiljøet på Osterøy? Osterøy Industrilag vil tilsette ny industrikonsulent/dagleg leiar. Lars Mjøs som har vore industrikonsulent i 35 år, vil vere med å gje deg ein god start.

Arbeidsoppgåver:

- sekretær for Osterøy Industrilag
- gratis etablerarrettleiing
- råd og rettleiing for bedrifter
- utvikling og gjennomføring av prosjekt i samarbeid med andre

Du må i stor grad sjølv skaffe oppdragts- og prosjektinntekter og løna di vert i samsvar med dette. For å gje deg ein god start, har me bygd opp ein god buffer.

Du må vere initiativrik, sjølvgåande, ha strategiske evner og vere god til å samarbeide. Høgare utdanning som t.d. ingeniør/ sivilingeniør og industrierfaring er ein styrke. Du er velkommen til å utforme stillinga med ny form og nytt innhald.

Osterøy kommune held kontor til verksemda like ved rådhuset i Lonevåg.

Nærare informasjon om stillinga har me lagt ut på vår heimeside [www.osteroyindustrilag.no](http://www.osteroyindustrilag.no)  
Søknadsfrist 15.2. 2017.

Kontaktpersonar: Formann i Osterøy Industrilag, Lars Magne Bysheim, mobil 901 20 990 og industrikonsulent Lars Mjøs, mobil 416 28 531.

Nærare informasjon om stillinga:

Ved å lese årsmeldingane for Osterøy Industrilag og for Industrikonsulenten på Osterøy, får du god innsikt i korleis me arbeider.

Oppdatert informasjon om nokre av industribedriftene på Osterøy får du ved å sjå på nyare medieoppslag som er tilgjengelege på eit eige nyhendeoppslug på vår heimeside.

Osterøy kommune yter eit mindre tilskott, m.a. for gratis etablerarrettleiing. Saman med sekretærgodtgjersle frå Industrilaget utgjer dette ei årleg basisfinansiering på 200.000 NOK. Me har også hatt noko anna basisfinansiering, men denne er pr. i dag usikker.

Staten yter mindre regional- og næringsutviklingsmidlar enn tidlegare. Men framleis finst moglegheiter:

- Me ynskjer saman med andre å kome med i Katapultordninga (50 MNOK på statsbudsjettet 2017) der Kompetansesenteret for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande skule vert ein «satellitt» på Vestlandet.
- Osterøy Industrilag har teke initiativ til å utnytte steinmassar frå ny Vossabane og ny E16 til utvikling av nye næringsareal.
- Osterøy Industrilag har teke initiativ til å planleggje godsterminal i tunnel aust for Arna langs Sørfjorden.
- Industrikonsulenten bistår bedrifter i å søkje og gjennomføre Skattefunnprosjekt og prosjekt i regi av Norges Forskningsråd og Regionalt forskingsfond for Vestlandet.
- Me har samarbeid med Høgskolen på Vestlandet og med Fagskolen i Hordaland, serskilt innan CNC og robotikk, men også på andre område.
- Industrikonsulenten på Osterøy er deltakar i Osterfjord Næringsamarbeid saman med kultur- og utviklingssjefen i Modalen og Vaksdal Næringssselskap AS.
- Me har samarbeid med Innovasjon Norge, fylkeskommunen og Nordhordlandsregionen.
- Og me har vore koordinator for europeiske samarbeidsprosjekt.

Er du den rette, klarer du å skape inntekter m.a. gjennom tiltak og prosjekt som er nemnde over.

Osterøy Industrilag er medlem i Næringsalliansen som har Bergen Næringsråd som sekretariat.

Me vil avtale ein timesats og du vert løna etter timelister der det ikkje spelar noko rolle når på døgeret du arbeider. Du må sjølv styre arbeidstida. Me har ei 100% stilling som utgangspunkt, men deltid/ kombinasjon med anna arbeid kan og vere aktuelt.

Det vil vere ein styrke om du i søknaden kan seie noko om korleis du tenkjer deg å skaffe inntekter. Ved intervju vil dette vere eit viktig tema.

Søknad sendast gjerne på epost til [lars.mjøs@osteroyindustrilag.no](mailto:lars.mjøs@osteroyindustrilag.no), eventuelt til Industrikonsulenten på Osterøy, Rådhuset, 5282 Lonevåg.

Søknadsfrist: 15.2.2017.